



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

Ref. 09/278

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Vår ref. 09/492-6
N00 /HER1

Dato 12.02.2009

FORVALTNINGSREFORMEN – HØRINGSNOTATER OM LOVFORSLAG HØRINGSUTTALELSE FRA TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Viser til deres brev datert 16.01.2009.

Fylkesutvalget i Telemark behandlet i møte 11.02.2009 sak 5/09 høringsuttalelsen til lovforslagene. Det ble gjort følgende enstemmige vedtak:

Vedtak i Fylkesutvalet

Telemark fylkeskommune syner til vedtak i fylkestinget 30.04.2008 i samband med fråsegna til NTP 2010-2019, og aksepterer ikkje forslaget om å sette vegloven § 7, som setter krav til tilfredsstillande vegstandard ved overføring frå eit forvaltningsnivå til eit anna, ut av spel. Det er ikkje akseptabelt at staten endrar dei spelereglane og retningslinene staten sjølv har vore med å utarbeide.

Fylkeskommunane sitt nye ansvar på samferdsleområdet må kompenserast fullt ut, herunder vedlikehaldsetterslepet i tråd med Stortinget sine merknader og det finansielle ansvarsprinsippet som er lagt opp av Regjeringa. Det må utarbeidast ein forpliktande tiltaks- og opptrapningsplan for å dekke inn vedlikehaldsetterslepet. For å møte behovet for naudsynt kompensasjon, må Staten, i tillegg til å auke rammetilskottet til fylkeskommunane, etablere eit infrastrukturfond.

Kontraktar som i 2009 må inngåast/forlengast, må ikkje legge opp til endra standarder eller auka økonomisk omfang utan i eit nært samarbeid og etter avtale med fylkeskommunen. Fylkeskommunane må frå 2010 ha handlingsrom til å tilpasse og utforme samferdslepolitikken i eiga fylke innanfor overordna nasjonale rammer.

Fylkeskommunen er sterkt kritiske til og kan ikkje akseptere forslag til endringar i veglova §16 og §62 og vegtrafikklova §40 med tilhøyrande føresegner som gir Staten høve til å gje pålegg/instruksar for korleis fylkeskommunane skal bygge ut, vedlikehalde, drifta og forvalte det framtidige fylkeskommunale vegnettet. Fylkeskommunen kan heller ikkje akseptere føringar for fylkeskommunane si interne organisering som vil stride mot kommunelova sine grunnleggande føresegner. Tilhøvet mellom staten og kommunesektoren må, i tråd med Regjeringa sin politikk, utviklast i retning av partnerskap og likeverd, og slik at relasjonane mellom nivåa kan baserast på klare ansvarstilhøve, tillit og samspel. Samferdselsdepartementet sitt forslag er eit brudd med ovannemde og uttrykker klar mistillit til fylkeskommunane som samferdslestyretemakt.

Departementet legg opp til å definere nye standarder innafor ei rad område m.a. tunnelar, ferger mv som ikkje har ein akseptabel standard, ikkje minst i ljós av det vedlikehaldsetterslepet som er dokumentert for dei øvrige riksvegane. Fylkeskommunane må kunne stå fritt til å definere kva for datafangst som er naudsynt for eiga bruk.

Eventuelle juridiske normer for ulike føringar innafor samferdsleområdet, må hjemlast ved lov og ikkje berre ved føresegn.


Fylkeskommunen kan ikkje akseptere den modellen for felles vegadministrasjon som Samferdselsdepartementet foreslår i sitt høyningsnotat. Fylkeskommunen meiner det må etablerast ein modell for vegadministrasjon der det er eit klart skille mellom bestillar og utførar og der fylkeskommunen som bestillar må bli styrka for å ivareta denne bestillarfunksjonen på ein tilfredsstillande måte. Det inneber at fylkeskommunane blir styrka med ressursar knytte til bestillarfunksjonen, strategisk/overordna planlegging, utbyggingspakker, budsjett og fergedrift.

Vegdistrikta i Statens vegvesen bør slåast saman slik at dei følgjer fylkesgrensene, og leiar av fylkevegkontora bør ha fullmakt til å ivareta kontakten med fylkeskommunane.

Fylkeskommunane bør overta ansvaret for å godkjenne lokale og regionale bompengepakker som berører lokale og regionale vegen.

Fylkeskommunen legg til grunn at takstmynda knytt til fylkesvegfergene blir overført til fylkeskommunane i tråd med det finansielle ansvarsprinsippet.

Med hilsen



Bjørg Hilde Herfindal
Teamleder areal og transport